

MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	04.04.2018
Kl.	10:10 – 16:25

Faste medlemer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Sigurd Erlend Reksnes til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Gunhild Berge Stang deltok ikkje ved handsaminga av sakene 28-34/18.

Bjørn Erik Hollevik deltok ikkje ved handsaminga av dokument 1 – 5 og dokument 7 – 9 i sak 36/18.

Fylkesutvalet vedtok å lukke dørene under handsaminga av dokument 6 i sak nr. 36/18, jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 23, nr. 1.

Fylkesutvalet avgjorde at utvalet sitt møte med dei fylkeshovudtillitsvalde som var tidfesta til 20. juni, vert flytta til 11. juni, kl. 10.30.

Munnlege orienteringar:

- Møreforsking, v/forsking sleiar Svein Bråthen, som var med på Skype, presenterte rapporten «Forslag til offentlig kjøp av regionale flyruter i Sør-Norge».
- Helse Førde HF, v/ambulansesjef Stian Sægrov, orienterte om prehospital plan for Sogn og Fjordane ut frå ein presentasjon som er journalført i ESA 18/208-20.
- Sogn og Fjordane Energi AS (SFE): I tilknytning til dokument 6 i sak 36/18 orienterte Advokatfirmaet Lund & Co, v/advokatane Per Andreas Bjørgan og Ulf Larsen, ut frå ein presentasjon som er journalført i ESA 16/3230-171. Konsernsjef i SFE, Johannes Rauboti, og styreleiaren i selskapet, Per Atle Kjøllesdal, var til stades og fekk høve til å kome til orde.

- Fylkesutvalet vurderte habiliteten til Gunhild Berge Stang og fann ho habil til å vere til stades under orienteringa og den påfølgande drøftinga i utvalet.
- Fylkesordføraren orienterte om mogleg fusjon mellom Mentro AS og Origod AS.
- Fylkesrådmannen orienterte om utbetaling av midlar til transportordninga for funksjonshemma.

SAK 28/18 Skaldegard - Søknad om løyvefritak for transport med personbil

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Skaldegard AS får løyvefritak for persontransport som gjeld for 2018, 2019 og 2020.
2. Løyvefritaket gjeld for ei vogn som skal vere uniformert med selskapslogo. Fylkeskommunen skal til ei kvar tid vere underretta om kva vogn (reg. nr) som vert nytta.
3. Løyvefritaket gjeld for personreiser innanfor Aurland kommune og gjeld reiser til og frå aktivitetar i Skjerdal.
4. Generelle krav iht. gjeldande regelverk må vere stetta før tildeling av løyve. Løyvefritaket vil kunne trekkast tilbake med umiddelbar verknad dersom desse krava ikkje vert ivaretekne.

Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Persontransportkapasiteten til eksisterande løyvehavarar i Aurland kommune er tilstrekkeleg, rasjonell og fleksibel. Dei 2 drosjeløyvehavarane og ein turvognløyvehavar disponerer 10 vogner med persontransportløyve. Vognene er tilpassa marknaden, stasjonert på ulike stader, kan frakte både små og større grupper og dei har dessutan vogner som ivaretek transporttilbod til funksjonshemma.
Med referanse til Rundskriv N-7 og N-8/2017, får dermed ikkje Skaldegard AS løyvefritak for transport knytt korkje til løyvefritak for småskala turistverksemd eller inn på tunet-ordninga.
2. Det er viktig å sikre marknadsgrunnlag for eit framtidig godt, fleksibelt og rasjonelt drosjetilbod 24 timar i døgeret året rundt. Før nye løyvefritaksaker vert lagt fram, ynskjer difor fylkesutvalet at det vert utarbeidd ei prinsippsak. Denne saka skal vurdere konsekvensane av eventuelle løyvefritak til småskala turistverksemdar og inn på tunet-ordninga opp mot svekka drosjetilbod.

Avrøysting:

Trude Brosvik og Bjørn Erik Hollevik røysta for fylkesrådmannen si tilråding.

Punkt 1 i tilrådinga frå hovudutval for samferdsle vart vedteken mot røystene til Trude Brosvik og Bjørn Erik Hollevik.

Punkt 2 i tilrådinga frå hovudutval for samferdsle vart vedteken mot Bjørn Erik Hollevik si røyst.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Persontransportkapasiteten til eksisterande løyvehavarar i Aurland kommune er tilstrekkeleg, rasjonell og fleksibel. Dei 2 drosjeløyvehavarane og ein turvognløyvehavar disponerer 10 vogner med persontransportløyve. Vognene er tilpassa marknaden, stasjonert på ulike stader, kan frakte både små og større grupper og dei har dessutan vogner som ivaretek transporttilbod til funksjonshemma.
Med referanse til Rundskriv N-7 og N-8/2017, får dermed ikkje Skaldegard AS løyvefritak for transport knytt korkje til løyvefritak for småskala turistverksemd eller inn på tunet-ordninga.

2. Det er viktig å sikre marknadsgrunnlag for eit framtidig godt, fleksibelt og rasjonelt drosjetilbod 24 timar i døgret året rundt. Før nye løyvefritaksaker vert lagt fram, ynskjer difor fylkesutvalet at det vert utarbeidd ei prinsippsak. Denne saka skal vurdere konsekvensane av eventuelle løyvefritak til småskala turistverksemdar og inn på tunet-ordninga opp mot svekka drosjetilbod.

SAK 29/18 Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt 2019 - 2021

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet vert godkjent.
2. Årlege planleggingsmidlar vert fordelt i samband med handsaming av dei årlege budsjetta.

SAK 30/18 Fylkesvise mobbeombod

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert etablert ei ordning med mobbeombod i Sogn og Fjordane etter nasjonalt mandat gitt av Utdanningsdirektoratet. Ordninga gjeld i perioden 01.08.2018-31.12.2019.
2. Ei 100% stilling som mobbeombod skal organisatorisk inngå i fylkesrådmannen sin stab.
3. Dette ombodet blir finansiert med 50% statlege midlar og 50% fylkeskommunale midlar.
4. Den fylkeskommunale delen vil fylkestinget kome attende budsjett rapporten pr. 1. tertial 2018.

SAK 31/18 Privat regulering av næringsareal Sæle sag AS

VEDTAK:

1. Fylkesutvalet går til motsegn mot arealføremålet til den vestlege delen av reguleringsplan for Sæle sag. Gravfeltet med gravrøysene (id 55446-1-2) er ein del av eit gravrøyssystem av nasjonal verdi, og vert skjemma av dei store planlagde terrenginngrepa.
2. Dei automatisk freda kulturminna innanfor planområdet må ha føresegnar der det står at det ikkje er lov å gjere noko form for inngrep i dei. Det skal setjast av eit samanhengande omsynssoneområde i den austlege delen av planområdet som innlemmar begge dei to automatisk freda kulturminna (id 231511 og 231522). Det er ikkje akseptabelt (motsegn) at areala rundt kulturminna kan nyttast til næring. Arealføremålet for dei automatisk freda kulturminna må samsvare med bevaring.

SAK 32/18 Årsplan 2018. Verdiskapingsplanen

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtek årsplanen for arbeidet med regional plan for verdiskaping for 2018.
 2. Finansiering av arbeidet er for Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del avklara gjennom budsjettet for 2018.
-

SAK 33/18 Handlingsplan cruise-strategi

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til framlegget til handlingsplan for iverksetjing av cruisestrategien for Vestlandfylka.

SAK 34/18 Strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur for Sogn og Fjordane 2018-2022 vert vedteken slik den ligg føre.

Endringsframlegg:

Senterpartiet gjorde slikt framlegg til tillegg:

Fylkestinget syner til vedtak i fylkestingssak 54/16 om at Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter skal reviderast i 2018, med særleg sikte på at føresegna ikkje skal vere til hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.

Fylkestinget føreset at fylkesrådmannen følgjer opp dette vedtaket.

Avrøysting:

Fylkesrådmannen si tilråding, og tillegget frå Senterpartiet, vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur for Sogn og Fjordane 2018-2022 vert vedteken slik den ligg føre.

Fylkestinget syner til vedtak i fylkestingssak 54/16 om at Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter skal reviderast i 2018, med særleg sikte på at føreseigna ikkje skal vere til hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.

Fylkestinget føreset at fylkesrådmannen følgjer opp dette vedtaket.

SAK 35/18 Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane - høyring av ekspertutvalet sin rapport om ytterlegare nye fylkeskommunale oppgåver

**Frå fylkesordføraren låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.
2. Ekspertutvalet sitt framlegg til overføring av oppgåver vil styrke fylkeskommunane sine moglegheiter til å lukkast som regionale samfunnsutviklar. Framlegget inneber desentralisering av makt, tydeleggjering av politisk ansvar og utvikling av det regionale demokratiet.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset ei samla vurdering av ekspertutvalet sitt forslag i Stortinget, som ei eiga heilskapleg sak om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner Stortinget – i tillegg til å overføre statlege oppgåver til regionalt folkevalt nivå slik ekspertutvalet si innstilling føreslår – særleg må følgje opp at:
 - a) Det kjem snarlege avklaringar og vert ein ryddig og oversiktleg prosess knytt til overføring av sams vegadministrasjon til det regionale folkevalde nivået. Dette er også viktig for fylkeskommunane i eit arbeidsgjevarperspektiv.
 - b) Fylkeskommunane får delegert meir mynde i sakshandsaminga av akvakultursaker.
 - c) Den næringsorienterte delen av Fylkesmannen si verksemd i sin heilskap vert overført til fylkeskommunane.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det vert utgreidd overføring av fleire oppgåver som ligg tett opp til oppgåvene som alt er føreslegne overførte, og oppgåver som krev samordning og elles er innanfor dei prinsipp ekspertutvalet har lagt til grunn. Vi vil særskilt peike på følgjande:
 - a) Utgreie å gje fylkeskommunane ansvaret for regional samordning innan brann- og ulukkeberedskap.
 - b) Utgreie fylkeskommunen sitt viktige ansvar for internasjonalisering.

Fylkesrådmann Tore Eriksen gjekk frå som inhabil i saka, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til endring i punkt 2:

I den vidare prosessen er det avgjerande viktig at dei nye folkevalde regionane blir satt økonomisk i stand til å utføre desse oppgåvene.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesordføraren, og tillegget frå fylkesutvalet, vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.
2. Ekspertutvalet sitt framlegg til overføring av oppgåver vil styrke fylkeskommunane sine moglegheiter til å lukkast som regionale samfunnsutviklar. Framlegget inneber desentralisering av makt, tydeleggjering av politisk ansvar og utvikling av det regionale demokratiet. I den vidare prosessen er det avgjerande viktig at dei nye folkevalde regionane blir sett økonomisk i stand til å utføre desse oppgåvene.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset ei samla vurdering av ekspertutvalet sitt forslag i Stortinget, som ei eiga heilskapleg sak om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner Stortinget – i tillegg til å overføre statlege oppgåver til regionalt folkevalt nivå slik ekspertutvalet si innstilling føreslår – særleg må følgje opp at:
 - a) Det kjem snarlege avklaringar og vert ein ryddig og oversiktleg prosess knytt til overføring av sams vegadministrasjon til det regionale folkevalde nivået. Dette er også viktig for fylkeskommunane i eit arbeidsgjevarperspektiv.
 - b) Fylkeskommunane får delegert meir mynde i sakshandsaminga av akvakultursaker.
 - c) Den næringsorienterte delen av Fylkesmannen si verksemd i sin heilskap vert overført til fylkeskommunane.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det vert utgreidd overføring av fleire oppgåver som ligg tett opp til oppgåvene som alt er føreslegne overførte, og oppgåver som krev samordning og elles er innanfor dei prinsipp ekspertutvalet har lagt til grunn. Vi vil særskilt peike på følgjande:
 - a) Utgreie å gje fylkeskommunane ansvaret for regional samordning innan brann- og ulukkeberedskap.
 - b) Utgreie fylkeskommunen sitt viktige ansvar for internasjonalisering.

SAK 36/18 Skriv og meldingar fylkesutvalet 4. april 2018.

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1: Samarbeid mellom Ningxia, Kina, og Sogn og Fjordane fylkeskommune.
Vedtak: Sogn og Fjordane fylkeskommune takkar ja til å vere vertskap for eit besøk frå Ningxia, Kina.
- 2: Stamvegutvalget E16: Referat frå arbeidsutvalgets telefonmøte 2. mars 2018
- 3: Uttale frå KrF: Regionreforma er ikkje fullført før oppgåvene er på plass
- 4: Nyhendebrev frå Kraftfylka
- 5: Eigarmøte – Trivselshagen IKS
Ikkje offentleg, Ofl § 14, interne dokument
- 6: Brev frå BKK
Ikkje offentleg, offl. § 23 fjerde ledd.
- 7a-d: Søknad frå Kirkens SOS i Bjørgvin
Vedtak: Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver kr 50 000,- til Kirkens SOS i Bjørgvin i driftsstøtte for 2018.
- 8: Protokoll frå hovudutval for opplæring sak 13/18: Læringsituasjon i helsearbeidarfaget
- 9: Referat frå møtet i ordførerkollegiet 20. mars 2018
